



NORSK ORGELFESTIVAL
2017



**HELSEING FRA
KUNSTNARLEG
LEIAR
ARNFINN
TOBIASSEN**

Kjære publikummar og festivaldeltakar,
Vel møtt til den 27. Norsk orgelfestival!

Norsk orgelfestival går i perioden 14.-17. september av stabelen for 27. gong. Sidan starten på Karmøy i 1990 har orgelfestivalen vore eit sentrum for musikk, kultur generelt, utveksling av kunnskap, sosialt treffpunkt og ein uformell stad der nokre av Europas mest kjende musikarar har kome for å inspirere og å bli inspirert av instrument av høg rang. Festivalen er av Nordens lengst eksisterande orgelfestivalar!

2017-versjonen av Norsk orgelfestival blir dominert av to figurar: den tyske munken Martin Luther (og konsekvensane av hans gjerningar) og den norske komponisten Kjell Mørk Karlsen.

Ein flott konsekvens av reformasjonen var at salmesongen vart ein viktig del av folk sine liv, både i heim og kyrkje. Orgelet si primærrolle i kyrkjene våre er framleis å akkompagnere salmesong, og dette blir understreka under festivalen med salmekvelden fredag 15. september i St. Petri. I meisterklasser og konsertar vil reformasjonsjubileet også merkast ved at me får høyre musikk sprunge ut av både tyske koralar og norske salmer.

Suksessen med Orgelkino i Stavanger konserthus vert vidareutvikla under denne festivalen. Med stumfilmen Jeanne d'Arc, regissøren Carl Dreyers meisterverk frå 1928, viser vi noko av det mest legendariske som finst av filmar i filmhistoria – og det heile til eit sprell levande orgelakkompagnement av fransk-italienske Francesco Flidei.

Også barn og unge har sin rettmessige plass i vår programtenking, her er både det 8. Organistspirekurset for ungdom, familieframsyninga Bach for barn, og dei ulike «Åpent orgel»-tilstelningane rundt omkring i byen viktige. Norsk orgelfestival gler seg over at det blomstrar rundt omkring oss, både lokalt og nasjonalt!

God festival!
Arnfinn Tobiassen
Kunstnarleg leiар



TORSDAG 14. SEPT.

TORSDAGSMESSE
STAVANGER
DOMKYRKJE
11.00-11.30

FAGDAG FOR
KYRKJEMUSIKARAR
DOMKYRKJE-
KJELLAREN
11.30-16.30

KONSERT #1
STAVANGER
DOMKYRKJE
18.35-18.55

OPNINGSKONSERT
ST. PETRI
19.00-20.30



Nils Henrik Asheim

Billetter/tickets

kr 200 voksne

kr 150 honnør/Aftenbladkort

kr 50 barn/student

Alle priser inkludert billettgebyr.

orgelfestival.ticketco.no

Liturg: Sokneprest Øivind Høltedahl
Domkantor Ivan Sarajishvili, orgel
Kantor Anne Jordheim leier korgruppa.

Foredrag ved Trond Kverno (Norske Salmer etter 1945) og Kjell Mørk Karlsen (Ny kirkemusikk i stort format). Verkpresentasjon av Cantando Musikkforlag frå deira katalog. Påmelding via: <http://bit.ly/2wB4XEn> Fagdagen vert arrangert i samarbeid med Stavanger bispedømme og Norsk Komponistforening.

Konsert #1 på klokkespelet ved Mariko Takei.

Domkyrkja sitt klokkespel er ein kjend og kjær ingrediens i byens lydbilde. I løpet av festivalen byr me på fem klokkespelkonsertar med Mariko Takei, den erfarne klokkenisten med base i Bergen.

Orgel: Nils Henrik Asheim, Karstein Askeland, Arnfinn Tobiassen

Velkomen til opningskonsert for den 27. Norsk orgelfestival. Stavanger kommune sin nye kultursjef, Arnfinn Bjerkestrand, opnar festivalen. Organistane Karstein Askeland, Arnfinn Tobiassen, Nils Henrik Asheim samt tre slagverkarar (Dagfinn Ingebrigtsen Holte, Elvin Ingeborgrud og Pablo Iturry Espinoza) set kvarandre i stemne med musikk av Bach, Reger og Kjell Mørk Karlsen.

Welcome to the opening event of the 27th Norsk orgelfestival! Organists Karstein Askeland, Arnfinn Tobiassen and Nils Henrik Asheim will perform works by Bach, the Norwegian composer Kjell Mørk Karlsen and Max Reger. Centre piece of the concert will be Mørk Karlsen's Triptykon for three percussionists and organ.

PROGRAM / PROGRAMME

Johann Sebastian Bach (1685-1750): Sinfonia frå Kantate nr 29, arr. Marcel Dupré	4'
Lionel Rogg (f. 1936): Partita over Nun freut euch (Nå fryd deg, kristne menighet)	16'
Kjell Mørk Karlsen (f. 1947): Triptykon, 3. sats, opus 129: "And the word became...", for orgel og 3 slagverkarar	12'
Johann Sebastian Bach (1685-1750): Preludium og fuge, C-Dur BWV 547	10'
Frå Clavierübung III	
- Vater unser im Himmelreich BWV 682	8'
- Wir glauben all' an einen Gott BWV 680	3'
Max Reger (1873-1916): Fantasi over koralen „Vår Gud han er så fast en borg“ (opus 27)	15'

FREDAG 15. SEPT.

MORGONSONG
ST. PETRI
09.00

MEISTERKLASSE
ST. PETRI
10.00

BACH FOR BARN
STAVANGER
DOMKYRKJE
10.00

FØREMIDDAG MED
ASKELAND
SANDNES
KYRKJE
11.00

Liturg: Domprost Anne Lise Ådnøy. Kantor: Ola Sotnakk

Meisterklasse ved Ludger Lohmann. Tema: Orgelkoralen
Meisterklassen vil bli halden på engelsk og er kun open for påmeldte deltakarar til festivalen.

Meisterclass with professor Ludger Lohmann. The participants, both students and professionals, have prepared music based on chorales by various composers. The class will be held in English and is only open for students and professionals.

Skuleframsyningar "Bach for barn" i samarbeid med den kulturelle skolesekken.

Føremiddagskonsert med Karstein Askeland (orgel) og innleiing ved Tim Riston.
Musikk av Bach, Bruhns, Gade og Buxtehude.

Lunchtime concert with the renowned Bergen based organist, Karstein Askeland.
Spoken introduction by Sandnes' own organist, Tim Rishton.

Gratis inngang – kollekt ved utgangen / Free entry – retiring collection.

Konserten er i samarbeid med Den kulturelle spaserstokken i Sandnes.

PROGRAM / PROGRAMME

Nicolaus Bruhns (1665-97) Preludium, e-moll	9'
Dietrich Buxtehude (1637-1707): Ein feste Burg ist unser Gott (BuxWV 184)	4'
Johann Sebastian Bach (1685-1750): Preludium og fuge, G-Dur BWV 541	8'
Niels W. Gade (1817-90): Tre tonestykker for orgel, opus 22	11'
- Allegro moderato, F-Dur	
- Allegretto, C-Dur	
- Allegro con fuoco, a-moll	



Karstein Askeland

**FREDAG
15. SEPT.**

**KLOKKESPEL
STAVANGER
DOMKYRKJE
11.35-11.55**

**FAGDAG
SANDNES KYRKJE
12.00-14.30**

**MEISTERKLASSE
SANDNES KYRKJE
14.30-17.00**



Tim Rishton

**KLOKKESPEL
STAVANGER
DOMKYRKJE
18.35-18.55**

KONSERT #2 PÅ KLOKKESPELET ved Mariko Takei

Fagdag for kyrkjevevjerer i regi av kyrkjevevjerlaget i Rogaland. Rune Skagestad (styremedlem i Norsk orgelfestival og kyrkjevevjer i Randaberg) er initiativtakar. Edgar Hansen bidrar frå Norsk orgelfestival, saman med Karstein Askeland som er ein av våre mest erfarne orgelkonsulentar. Fagdagen opnar med konserten i Sandnes kyrkje klokka 11.00. Påmelding: rune.skagestad@randabergkirkene.no

Meisterklasse ved Tim Rishton. Tema: Orgelkoralen

Meisterklassane er kurssalen under festivalen, der utøvarar får spelt repertoar og får umiddelbar tilbakemelding frå erfarne pedagogar som også er profesjonelle utøvarar. Meisterklassane er kun opne for påmeldte deltakarar til festivalen.

Masterclass with Tim Rishton. The participants will prepare music by various composers based on chorales. The class is only open for students and professionals.

KONSERT #3 PÅ KLOKKESPELET ved Mariko Takei

**FREDAG
15. SEPT.**

**SALMEKVELD
ST. PETRI
19.00-20.30**



Trond Kverno

Med kyndig hjelp frå Trond Kverno, komponist, organist og musikkpedagog får me denne kvelden eit innblikk i nokre av dei skjulte skattane blant Luther- og reformasjonssalmene våre. Ludger Lohmann, biskop Ivar Braut, Stavanger domkor og Vår Frelses kyrkjes kantor i frå Haugesund deltek.

Arrangementet er i samarbeid med Norges Kirkesangforbund Stavanger. Gratis inngang – kollekt ved utgangen

The Norwegian composer Trond Kverno will introduce this evening's Salmekveld. His enthusiasm and knowledge of the early Protestant reformation hymns is rare, and we hugely look forward to another great evening of hymn singing at the beautiful St. Petri Parish Church in Stavanger. Organist Ludger Lohmann will play excerpts from Bach's own written-out hymn accompaniments, and Bishop Ivar Braut will give us examples of some of his favourite hymns, and we are also joined by Stavanger Cathedral Choir and the Choir of Our Saviour's Parish Church, Haugesund.

Free entry - retiring collection.

**LAURDAG
16. SEPT.**

**MORGONMESSE
BISPEKAPELLET
09.00-09.45**

**DEI UNGES
ORGELKONSERT
ST. PETRI
11.30-12.30**

FAMILIEDAG

Liturg: Sokneprest Øivind Holtedahl. Kantor: Bengt Norbakken

Deltakarane på organistspirekurset i alderen 15-20 år møter kvarandre og publikum med inspirert og energisk spel.

Programmet blir annonsert undervegs. Gratis inngang, kollekt ved utgangen.

Organ students aged 15-20 will perform some of the music which they have prepared for the masterclasses during this year's festival.

Free entry - retiring collection

**LAURDAG
16. SEPT.**

**KLOKKESPEL
STAVANGER
DOMKYRKJE
12.30-13.00**

**BACH FOR BARN
STAVANGER
DOMKYRKJE
13.00-14.00**



"Bach for barn", foto: Tom H. Bratlie



Billetter:

kr 300 familie

kr 200 voksne

kr 50 barn/student

Alle priser inkludert
billettgebyr.

orgelfestival.ticketco.no

KONSERT #4 PÅ KLOKKESPELET ved Mariko Takei

Framsyninga «Bach for barn» i Stavanger domkyrkje kjem endeleg til Stavanger!

Kven var mannen bak musikken?

Publikum vert kjend med komponisten med 20 barn og 2 ekteskap, han som var venn med kongar og fyrstar, som vart kasta i fengsel for sin staheit og som vart hylla for sin musikalske genialitet. Kona hans, Anna Magdalena, har fortellarstemma i framsyninga, og gjennom skildringar og karaktertolkingar vert vi kjende med Bach. Framsyninga er energifull og fargerik i tidsriktige kostymar og portretter Bach gjennom teater, bevegelse og orgelmusikk. Framsyninga varer i 60 min.

«Bach for barn» is a staged version of Johann Sebastian Bach's life seen through the eyes of his wife, Anna Magdalena Bach. Bach's was not only a musical genius, he also made friends with royalties and was father of twenty children from two marriages. In the old Stavanger Cathedral, with the Baroque pulpit and epitaphs, we are in perfect surroundings for this entertaining and exciting version of Bach's life and music.

The play will be performed in Norwegian. Duration: 60 minutes.

Medverkande: Liv Marie Skaare Baden (Anna Magdalena Bach), Kåre Nordstoga (Johann Sebastian Bach), Anders Borchgrevink (Iys), Liv Torill Skaare (scenografi).

Regi: Linn Meyer Kongshavn

Konsept og manus: Liv Marie Skaare Baden i samarbeid med Linn Meyer Kongshavn

Kostymedesign: Anne Aarrestad

Søm: Caroline Ekornes

Prosjektleder/produsent: Liv Marie Skaare Baden

Co-produsent og konsulent: Cecilie Lundsholt

Fagkonsulent: Torkil Baden

Co-produsent: Oslo internasjonale Kirkemusikkfestival

LAURDAG 16. SEPT.

ÅPENT ORGEL TJENSVOLL KYRKJE 14.00-16.00

Me opnar kyrkje og orgel til alle dei som vil kome og prøve sitt lokale orgel. Ingen påmelding – alle aldersgrupper er velkomne! For meir informasjon kontakt kantor i Tjensvoll, Stein Mangersnes, 51 59 96 67 eller sm638@kirken.no.

Gratis inngang.

“Åpent orgel” vert arrangert i samarbeid med Orgelklubben Christine.

Did you ever wonder what it is like to play the pipe organ? During Norsk orgelfestival, we open the doors of Tjensvoll kirke between 14.00-16.00. Everyone is welcome to come and play or just have a look around this lovely instrument. Kantor Stein Mangersnes will host the event.

Free entry.

ÅPENT ORGEL HILLEVÅG KYRKJE 14.00-16.00

Me opnar kyrkje og orgel til alle dei som vil kome og prøve sitt lokale orgel. Ingen påmelding – alle aldersgrupper er velkomne! For meir informasjon, kontakt kantor i Hillevåg, Arne Martin Aandstad 971 88 899 eller aa679@kirken.no

“Åpent orgel” vert arrangert i samarbeid med Orgelklubben Christine.

Gratis inngang.

Did you ever wonder what it is like to play the pipe organ? During Norsk orgelfestival, we open the doors of Tjensvoll kirke between 14.00-16.00. Everyone is welcome to come and play or just have a look around this lovely instrument. Kantor Arne Martin Aandstad will host the event.

Free entry.

FOREDRAG STOKKA KYRKJE 15.00-17.00

Foredrag ved William Whitehead: “Completing the Orgelbüchlein by J S Bach”.

Foredraget vil bli halden på engelsk.

Billetter kr 100 vert solgt i døra. Gratis for publikum med festivalpass.

LAURDAG 16. SEPT.

**LUDGER
LOHMANN
ST. PETRI
18.00-19.15**

Orgelkonsert med Ludger Lohmann, mangeårig legende i tysk og internasjonalt musikkliv. Lohmann konserterer over heile verda frå sin base i Stuttgart, og spelar denne kvelden musikk av Tunder, Reger, Bach m.fl. på det fabelaktige St. Petri-orgellet i Stavanger. Konserten er ein del av Norsk orgelfestival.

Legendary German organist and artist, Ludger Lohmann, visits Norsk orgelfestival for the very first time! His inspired choice of programme is a feast of works based on Lutheran and Protestant hymns by composers as varied as Bach and Tunder from the Baroque, to Mendelssohn and Reger from the Romantic period.

PROGRAM

Johann Sebastian Bach (1685-1750) Fantasia super „Komm, Heiliger Geist, Herre Gott“ (Kom, Hellig Ånd, Herre Gud) BWV 651 (frå „18 Leipziger Chorälen“)	6´
Franz Tunder (1614-1667) Choralfantasie „Komm, Heiliger Geist, Herre Gott“	7´
Matthias Weckmann (1616(?)-1674) Nun freut euch, lieben Christen gmein (3 Verse) (Nå fryd deg, kristne menighet)	8´
Felix Mendelssohn-Bartholdy (1809-1847) Sonate nr 6 i d-moll, basert på koralen „Vater unser im Himmelreich“ (O Fader vår i himmerik)	16´
Dieterich Buxtehude (1637-1707) Choral „Vater unser im Himmelreich“, BuxWV 219	9´
Michael Praetorius (1571-1621) Choralfantasie „Ein feste Burg ist unser Gott“ (Vår Gud han er så fast en borg)	9´
Max Reger (1873-1916) Fantasie über den Choral „Ein feste Burg ist unser Gott“ opus 27	9´



Ludger Lohmann

Billettart/tickets:

Billettart kr 200 (vaksne), kr 150 (honnør/Aftenbladkort), kr 50 (barn/studentar). Alle priser inkludert billettgebyr.

orgelfestival.ticketco.no

LAURDAG 16. SEPT.

MARIKO TAKEI
STAVANGER
DOMKYRKJE
21.35-21.55

MUSIKK MOT
NATTA
STAVANGER
DOMKYRKJE
22.00

KONSERT #5 PÅ KLOKKESPELET ved Mariko Takei


Den vakraste kveldstimen under festivalen, med musikk for orgel, blokkfløyte og strykarar av Vivaldi, Mørk Karlsen, Bach, Asheim m.fl. William Whitehead spelar utdrag frå prosjektet med å ferdigstillta Bachsamlinga Orgelbüchlein, ei samling med kortare koralpreludier for orgel, som også inkluderer urframføringa av Nils Henrik Asheim sitt nye verk Wir danken dir, Herr Jesu Christ. Verket er bestilt av Norsk orgelfestival.

On the festival's penultimate day, we offer one of our most evocative programmes with music by J S Bach, Antonio Vivaldi, Kjell Mørk Karlsen and Nils Henrik Asheim. William Whitehead's Orgelbüchlein project will be featured along with music for recorder and organ (Kjell Mørk Karlsen: Partita brevis 6) and recorder and orchestra (Vivaldi's Concerto for Recorder and orchestra in C major).

Medverkande: Caroline Eidsten Dahl (blokkfløyte), Ingrid Elisabeth Berg Tobiassen (orgel), Stavanger katedralensemble, Ivan Sarajishvili (orgel/leiar), William John Richard Whitehead (orgel).

PROGRAM

- | | |
|--|-----|
| Kjell Mørk Karlsen (f. 1947) In memoriam for strykeorkester, Opus 121B | 9' |
| Johann Sebastian Bach (1685-1750) Christum wir sollen loben schon, BWV 611 | |
| Daniel Saleeb (f. 1985) Erhalt uns, Herr, bei deinem Wort | |
| Cheryl Frances-Hoad (f. 1980) Ein feste Burg ist unser Gott | 6' |
| Kjell Mørk Karlsen Partita brevis 6 for blokkfløyte og orgel, Opus 110 nr 6 | 12' |
| Johann Sebastian Bach O Lamm Gottes, unschuldig, BWV 618 | |
| Jon Laukvik (f. 1952) Ach Herr, mich armen Sünder | |
| Jacques van Oortmerssen (1950-2015) Nun ruhen alle Wälder | 6' |
| Antonio Vivaldi (1678-1741) Konsert for blokkfløyte og orkester, RV 443 | |
| Allegro - Largo - Allegro molto | 11' |
| Johann Sebastian Bach Heut triumphiret Gottes Sohn, BWV 630 | |
| Robert Quinney (f. 1976) Nun lob, mein Seel, den Herren | |
| Nils Henrik Asheim (f. 1960) Wir danken dir, Herr Jesu Christ, Dass du das Lämmlein | 6' |



William Whitehead

Gratis inngang-
kollekt ved utgangen.

Free entry -
retiring collection.

**SUNDAG
17. SEPT.**



NORSK ORGELFESTIVAL

MILJØSUNDAG

Me markerer Stavanger kommune sin miljøsundag, og oppmodar alle våre publikummarar om å ta sykkelen, beina eller kollektivtransporten fatt for å kome til sentrum.

**FESTIVALHØGMESSE
ST. JOHANNES
KYRKJE
11.00-12.15**



St. Johannes kyrkje

**OPNING AV
MILJØSØNDAG
UTANFOR
STAVANGER
DOMKYRKJE
12.15**

Liturg: Aslaug Austbø. Kantor: Edgar Hansen. Dirigent: Jorunn Lovise Husan.

Framføring av «Stem i den nye songen» for trestemt ungdomskor av Odd ohan Overøye (musikk) og Arve Brunvoll (tekst). Messa er gjennomkomponert med messeledd og salmer/kyrkjeviser, inkludert ein del salmer frå salmeboka. Koret vert akkompagnert av fiolin, cello og klaver, samt orgel. Verket vert framført i samarbeid med Ung kirkesang.

We celebrate the final day of the 27th Norsk orgelfestival by performing the new «Stem i den nye songen» with music by Odd Johan Overøye and words by Arve Brunvoll. This new mass is through-composed with both hymns and movements from the ordinary parts, and is scored for three-part youth choir, violin, cello, piano and organ. The first performance of the mass took place in Kristiansand in August during the Ung kirkesang music course.

Ivan Sarajishvili introduserer kommunens Miljøsøndag med spel på klokkespelet, fulgt av offisiell opning ved varaordfører Bjørg Tysdal Moe.

**SUNDAG
17. SEPT.**

**ÅPENT ORGEL
TASTA KYRKJE
12.30-13.30**

Me opnar kyrkje og orgel til alle dei som vil kome og prøve sitt lokale orgel. Ingen påmelding – alle aldersgrupper er velkomne!

For meir informasjon, kontakt Tastas egen kantor, Thomas Torstrup 975 79 673 eller thomastorstrup@hotmail.com

Gratis inngang.

“Åpent orgel” vert arrangert av Norsk orgelfestival i samarbeid med Orgelklubben Christine.

Did you ever wonder what it is like to play the pipe organ? During Norsk orgelfestival, we open the doors of Tjensvoll kirke between 1400-1600. Everyone is welcome to come and play or just have a look around this lovely instrument. Kantor Thomas Torstrup will host the event.

Free entry.

**ORGELKINO:
JEANNE D'ARC
STAVANGER
KONSERTHUS
14.30-16.30**

Norsk orgelfestival viser stumfilmen Jeanne d'Arc med levande orgelakkompagnement av Francesco Filidei.

Varighet: 1 time og 50 minutt

ORGAN CINEMA: JEANNE D'ARC. Carl Dreyer's legendary film from 1928 is shown at Stavanger konserthus with live organ accompaniment from the French-Italian composer and organist Francesco Filidei.

Duration: 1 hour 50 minutes.

Billetter kr 200 (vaksne), kr 150 (honnør/Aftenbladkort), kr 50 (barn/studentar). Alle priser inkl. gebyr. Lunsj mot eit pålegg i prisen vert servert kl 13.30.
<https://www.stavanger-konserthus.no/event/orgelkino-the-passion-of-jeanne-darc/>

Klokken 13.45 blir det ei kort orientering om Stavanger konserthus ved Nils Henrik Asheim.



Stavanger Konserthus

**SUNDAG
17. SEPT.**

**BACH-SERIE
13/17
STAVANGER
DOMKYRKJE
19.00-20.30**

Domkyrkja sin Bach-serie fortset med konsert nr 13 av 17. Denne kvelden får me mellom anna høyre dei «åtte små» preludier og fuger som er det første mange unge organistar møter når dei lærer å spele orgel.

Ivan Sarajshvili står for musikken medan Vidar Vikøren introduserer.

Stavanger Cathedral's all-Bach series has reached recital number 13 out of a total of 17 recitals. This evening we will hear the famous 'Eight short' Preludes and Fugues which many young budding organists will know well.

PROGRAM:

Gott, durch deine Güte, BWV 724
Åtte små preludier og fuger, BWV 553-560
Schübler-koralane, BWV 645-650
Herre Gott, dich loben wir (fellessang)
Preludium og fuge i a-moll, BWV 543

Billetter kr 150 (vaksne), kr 100 (honnør/Aftenbladkort), kr 80 (barn/studentar).
Gratis for publikum med festivalpass. Alle priser inkl gebyr. Arr: Stavanger domkyrkje

www.ticketmaster.no (OBS)



Stavanger Domkirke



Ivan Sarajshvili



Vidar Vikøren

BIOGRAFIAR

NILS HENRIK ASHEIM

er komponist og Stavanger konserthus sin faste organist sidan 2013. Ved sida av å opptre som ein allsidig musikar på orgelet og liknande instrument, står han bak utviklinga av Stavanger konserthus si omfattande satsing på orgelprogram. Her har han mellom anna utforma konsept som Orgelnatt og Orgelets Ønskekonsert, og gjennom dette utvida instrumentet si rekkevidde til å nå nye publikumsgrupper. Nils Henrik Asheim deler karriera si mellom å vere komponist og utøvar på orgel og piano. Han utdanna seg i Oslo og Amsterdam og har hatt komposisjonsoppdrag for dei fleste større norske festivalar og symfoniorkester, samt Den Norske Opera & Ballett.

KARSTEIN ASKELAND

studerte kyrkjemusikk ved Bergen musikkonservatorium og orgel solospel under professor Edgar Krapp ved musikkhøgskulen i Frankfurt am Main. Han avla kantoreksamen i 1983, diplomeksamen i 1985 og konserteksamen to år seinare. Han debuterte i Oslo Konserthus i 1986. Sidan då har han konsertert over store delar av Europa, i Russland, USA og i Sør-Amerika. Konsertar har blitt kringkasta i NRK og ei rekke utlandske radiokanalar. I nært samarbeid med sentrale norske komponistar har han lagt ned eit stort arbeid for ny norsk musikk og urframført fleire verk. I 1987 blei Askeland tilsett som kantor i Bergen kyrkjelege fellesråd og i 2001 overtok han kantorstillinga ved Mariakyrkja i Bergen domkyrkje kyrkjelyd. Han underviser i orgelspel ved Grieg-akademiet, institutt for musikk (UiB). I 25 år var han fast organist i Bergen Filharmoniske Orkester. Hans virke som orgelkonsulent har resultert i fleire instrument som er blitt gjenstand for stor fagleg merksemd og interesse.

INGRID BERG TOBIASSEN

er fødd i Sverige, men oppvaksen på Tonstad i Sirdal. Ho er utdanna klaverpedagog og kantor frå Griegakademiet i Bergen, med Audun Kayser og Karstein Askeland som sine lærarar. Våren 2011 fullførte ho mastergraden sin i utøvande orgel ved Musikhøgskolan i Piteå, Sverige, der ho studerte med professor Hans-Ola Ericsson. Masterprosjektet var ein studie av den svenske komponisten Torsten Nilssons verk "Crucifigatur" (1968) frå eit utøvarperspektiv. For tida jobbar ho som kantor i Torvastad kyrkjelyd på Karmøy. Ingrid Berg Tobiasassen er aktiv som konsertorganist og har halde konsertar både her i Noreg (m.a. under Orgelets ønskekonsert i Stavanger konserthus, Festspela i Bergen, Norsk orgelfestival, Bodø Internasjonale Orgelfestival og Orgelkonserter i Oslo domkirke) og i Sverige, Tyskland, Storbritannia, Spania og Sveits.

**CAROLINE
EIDSTEN DAHL**

har si utdanning frå Bergen og Stockholm. Ho gjev jamnleg konsertar i Noreg, Sverige og Danmark, både som solist og kammermusikar. Hennar første solo-CD «Blockbird. Norwegian Recorder Music» vart lansert på LAWO Classics i november 2014, og fekk strålende kritikkar, og i februar spelte Caroline inn to nye CD-ar på same selskap: Nordisk barokkmusikk og Telemanns blokkfløyte-sonatar. I august spelte ho også inn Kjell Mørk Karlsens nye verk for blokkfløyte og orgel som vart framført under Musikk mot natta laurdag 16. september: «Partita brevis 6». Plateinnspelinga er gjort saman med den amerikanske organisten James Hicks.

**EDGAR
HANSEN**

er til dagleg styreleiar for Norsk orgelfestival samt kantor i St Johannes kyrkjelyd i Stavanger. Hansen verka som kantor i Høyland kyrkjelyd i Sandnes fram til 2003, før han flytta til St. Johannes der han no dirigerer kor, speler til gudstenester, konsertar og kyrkjelege handlingar, og i tillegg er medansvarleg for orgelklubben Christine som vart starta i 2015.

**TROND
KVERNO**

er utdanna kantor frå Musikkonservatoriet i Oslo, i tillegg til studier i kordireksjon og teologi. Kverno har vore organist i ei rekkje norske kyrkjer (mellom andre Tanum kyrkje i Bærum, Rjukan kyrkje i Tinn, og Fagerborg kyrkje, Ris kyrkje og Svenska Margareta-kyrkan i Oslo) og professor i kyrkjemusikk ved Norges Musikkhøgskole. Kverno var prest i Den norske ortodokse kirke og er i dag biskop i Den Hellige Oppstandelses Stift. Hans kyrkjelege namn er Johannes Ephrem. Kverno er ein av våre fremste komponistar innanfor eit vidt spekter av kyrkjemusikk. Han har også spelt ei viktig rolle i utviklinga av høgmesseliturgien i Den norske kyrkja, og er representert med 28 salmer i Norsk salmebok av 2013. Kverno har framfor alt skapt orgel- og kormusikk. Hans kyrkjemusikalske stil er inspirert av både norske folketonar, den anglikanske tradisjonen og ortodoks korsong.

**KJELL MØRK
KARLSEN**

er kjend som organist og komponist, og er ein av dei mest produktive og respekterte personane i norsk kulturliv, med eit sterkt engasjement kunstnarleg så vel som organisatorisk. Han byrja organistutdanninga hjå far sin, Rolf Karlsen, og holdt seinare fram som elev ved Musikkonservatoriet i Oslo, der han tok organist- og kantoreksamen i 1968. 1980–81 studerte han orgel hos Finn Viderø i København. Han har vore domorganist i Tønsberg og Stavanger, og elles virka som organist i mellom andre Asker, Greverud og Sør-Fron. Interesse for komposisjon kom allereie i 14–15-årsalderen, då Mørk Karlsen fekk i oppdrag å skrive av ein del eldre korverk av komponistar som Schütz og Praetorius, og forsyne desse med norske tekstar. Denne nærkontakten med den klassiske vokalpolyfonien har seinare hatt stor betydning for hans komponistvirke. Viktig var også den tidlege kontakten med Musica Sacra-rørysla, der mellom anna komponisten Egil Hovland i 1960-årene var ein sentral figur med sin nyskapande kyrkjemusikk. På same måte som den gregorianske kyrkjesongen og tidlegare tiders musikk har vore viktige inspirasjonskjelder for Mørk Karlsens komponistvirke, har også den norske folkemusikkarven spelt ei vesentleg rolle.

**LUDGER
LOHMANN**

er tysk organist, orgelprofessor og musikkforskar med base i Stuttgart i Tyskland. Han studerte ved Musikhochschule und Universität Köln Schul- und Kirchenmusik, og studerte orgel med Marie-Claire Alain, Anton Heiller og Wolfgang Stockmeier, samt cembalo med Hugo Ruf. Han vann 1. pris i fleire internasjonale orgelkonkurransar, mellom anna ARD (den tyske kringkastingsunionen) i München i 1979, og Grand Prix de Chartres i 1982. Sidan 1983 har han vore professor i orgel ved Staatliche Hochschule für Musik und Darstellende Kunst i Stuttgart, ei stilling han kombinerte med å vere organist ved St. Eberhard katolske katedral i 25 år. Han er også gjesteprofessor ved Hartt School of Music (University of Hartford, Connecticut, USA) og seniorforskar ved Göteborg Organ Art Center ved Universitetet i Göteborg. Lohmann har gjennomført turnear i Europa, Nord- og Sør-Amerika, Asia og spelt inn fleire plater med musikk frå det 16. til det 20. århundret. Han har også vore jurymedlem ved fleire prestisjetunge konkurransar og undervist ved tallause meisterklassar.

**KÅRE
NORDSTOGA**

er rekna for å vere ein av Europas fremste organistar. Han debuterte i 1978 i Oslo Domkyrkje der han blei assisterande organist i 1984 før han vart domorganist på full tid i 1994. Kåre Nordstoga samarbeider jamnleg med eliten av norske musikarar som til dømes Ole Edvard Antonsen, Arve Tellefsen og Knut Buen. Med sin oppvekst i Telemark har Nordstoga også eit nært forhold til norsk folkemusikk og har delteke på ei rekke plateinnspelningar med norske folkemusikarar. For platen Bjølleslått (slåttar etter Ola Mosafinn) som han ga ut sammen med Knut Buen og Leif Rygg fekk han Spellemannprisen 1994 i klassen folkemusikk/gammaldans.

**TIM
RISHTON**

studerte med Susi Jeans og ved universiteta i Wales (der han tok doktorgraden sin i 1700-talls kyrkjemusikk), Manchester og Reading. Han har erfaring som lektor i orgel- og kyrkjemusikk, som studiedirektør i musikk ved Universitetet i Lancaster, og som domkantor. I Noreg er han kjend som organist og forfattar, og som kyrkjemusikk-konsulent i Nord-Hålogaland bispedømme og Kyrkjeleg utdanningssenter i nord, samt førsteamanuensis ved Høgskulen i Tromsø. Rishton har lang erfaring som konsertorganist i repertoar som spenner frå 1700-tals orgelkonserter til Poulencs orgelkonsert, og han har gjeve førelesingar og meisterklasser på både engelsk, walisisk og norsk ved mange universitet og musikkhøgskular. Han opptre regelmessig på radio og fjernsyn i fleire land.

**IVAN
SARAJISHVILI**

er opprinneleg frå Georgia, har utdanning frå Norges musikkhøgskole, det Kongelige Danske Musikkonservatorium og Hochschule der Künste i Berlin. Han har i sær spesialisert seg på fransk og tysk orgelmusikk frå 1600- og 1700-tallet. Sarajishvili er ein aktiv konsertorganist, og har halde konsertar i Norden, Tyskland, Ungarn, Polen, Tsjekkia, Russland, Spania og Italia. Han har hatt fleire kantor- og organiststillingar i Tbilisi, Berlin, Oslo, Hadeland og er altså no domorganist i Stavanger domkyrkje.

**LIV MARIE
SKAARE
BADEN**

har jobba som skodespelar, forteljar og instruktør sidan endt utdanning ved Bårdarakademiet i 1999. Med sin bakgrunn i dans og musikk likar ho å kombinere dei ulike uttrykka med det munnlege uttrykket på scenen. Ho har tidlegare utvikla, spelt og produsert to produksjonar av "Jenter med jern", i tillegg til "Piruetter og koteletter" og "Guds gjøgler". Hausten 2013 spelte ho i suksessen "Annie" på Folketeateret, og same år vart ho engasjert som dagleg og kunstnarleg leiar av Fortellerfestivalen. Baden har skrive framsyninga "Bach for barn" saman med regissør Linn Meyer Kongshavn.

**MARIKO
TAKEI**

er fødd i Kobe i Japan. Ho tok ein Associate Degree i piano ved Osaka College of Music. Seinare kom ho til Noreg og fullførte kyrkjemusikkstudier og hovudfagstudiet ved Griegakademiet i Bergen. Vidare fullførte ho solist/konsert-diplom ved det Kongelige Danske Musikkonservatorium i København. Takei har vore mykje engasjert i samband med å få nytt klokkespel til Bergen, og i 2016 fullførte ho klokkespelutdanninga si ved Løgumkloster Kirkemusikkskole i Danmark med m.a. Peter Langberg som lærar. Ho har spelt ei rekke klokkespelkonserter og delteke med fleire festivalar. Mariko Takei er også sterkt engasjert i arbeidet med å rekruttere barn og unge til å spele både orgel og klokkespel.

**ARNFINN
TOBIASSEN**

er til dagleg kunstnarleg leiar for Norsk orgelfestival og kantor i den vakre middelalderkyrkja på Avaldsnes, Karmøy. Tobiassen har si utdanning frå Royal Academy of Music i London (2001-2007) der han vann fleire prisar for mellom anna beste eksamenskonsert. Han har også fullført kyrkjemusikkutdanning frå Norges musikkhøgskole. Tobiassen gav i 2015 ut si første plate, eit komponistportrett av Trond Kverno på plateselskapet LAWØ Classics (www.lawo-store.no) saman med Bergen domkor og Kjetil Almenning og planlegg ei ny utgjeving med Johan Kvandal sin orgel- og gitarmusikk i 2019, i samarbeid med Lars Rosvoll.

**VIDAR
VIKØREN**

er førsteamanuensis ved Institutt for musikk og dans, Universitetet i Stavanger, med ansvar for orgel og kirkemusikkfag. Siden 1985 har han vore organist og kantor ved St. Petri kirke i Stavanger. Han er og dirigent for mannskoret St. Svithun Sångforening av 1895. Vidar Vikøren har si utdanning frå Norges musikkhøgskole, konservatoriet i Strasbourg, har seinare studert orgel med Harald Vogel ved Nord-deutsche Orgel-akademie i Bunde, og med Jacques van Oortmerssen ved musikkhøgskolen i Gøteborg. Vikøren er cand. philol. i musikkvitenskap fra universitetet i Oslo og har doktorgrad i musikalsk gestaltning fra universitetet i Gøteborg. Han gjev regelmessig orgelkonserter i St. Petri kyrkje, og har også gitt konserter i Sverige, Danmark, Tyskland og Slovakia.

**WILLIAM
WHITEHEAD**

har opparbeida seg eit godt renommé for sine engasjerande og inspirerande tolkingar av orgelrepertoaret. Etter 1. prisen i Odense Internasjonale Orgelkonkurranse i 2004, reiser han no verda rundt og spelar konserter og gjev meisterklassar. Som basso continuo-utøvar spelar han med Gabrieli Consort, The Dunedin Consort og The Academy of Ancient Music. I 2017 spelar han under BBC Proms samt på Madeira, Malaga, Leipzig, Versailles, Amsterdam, Valletta og andre stader i Europa. Han underviser også på eit høgt nivå, med fleire studentar frå universiteta i Oxford og Cambridge.

BILLETT- INFORMASJON

Festivalpass og billetter til dei fleste arrangementa kan forhåndskjøpast via orgelfestival.
ticketco.no og ved inngangen til dei ulike konsertstadane ca. 30 minutt før konsertstart.

FESTIVALPASS kr 900

FESTIVALPASS for innehavarar av Aftenbladkortet kr 720

ENKELTBILLETTAR vaksne kr 200

ENKELTBILLETTAR honnør/Aftenbladkort kr 150

ENKELTBILLETTAR barn/student kr 50

NORSK ORGELFESTIVAL

Norsk orgelfestival vart stifta i 1990 på Karmøy. Festivalen har sidan starten hatt som målsetjing å fremja det beste i orgelkulturen, med omsyn til både folkelege, liturgiske og kunstmusikalske trekk. Norsk orgelfestival er forankra i Stavanger kyrkjelege fellesråd med eit styre oppnemnd av Stavanger kyrkjelege kulturutval.

Styret for festivalen består av: Edgar Hansen (styreleiar), Ragnhild Halle, Arne Sigurd Mossige, Rune Skagestad og Torill S. Lura.

Kunstnarleg leiar: Arnfinn Tobiassen at434@kirken.no
www.orgelfestival.no www.facebook.com/orgelfestival

I SAMARBEID MED:



DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger

vårtland



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE



CANTANDO
MUSIKKFORLAG



Opplysningsvesenets
fond



SANDNES KOMMUNE



DEXTRA
MUSICA



DEN NORSKE KYRKJA
Stavanger bispedømme



UNG KIRKESANG



STAVANGER KOMMUNE



BERGESENSTIFTELSEN



OU-styret
i KA-området

KONSERTSTADER:



Hillevåg kyrkje, Veumveien 55, Stavanger

Sandnes kyrkje, Storgata 48, Sandnes

St. Johannes kyrkje, Høgsfjordgata 8, Stavanger

St. Petri kyrkje, Klubbegaten 6, Stavanger

Stavanger domkyrkje, Haakon VIIsgate 2, Stavanger

Stavanger konserthus, Sandvigå 1, Stavanger

Stokka kyrkje, Chr. Skredsvigsvei 23, Stavanger

Tjensvoll kyrkje, Kvitsøygata 25, Stavanger